

44 elghundar til utstilling i år

21.05.2012



For 2 år sidan var Falder til Bjørn Henryk Marthinussen og Aisa til Tore Storhaug best

Då fristen gjekk ut i helga var det påmeldt 44 hundar til årets elghundutstilling på grusbana og det var omrent det same talet som i fjor.

Dette er fjerde gongen utstillinga blir avvikla og dermed må sin slå fast at dette har vorte ein sikker tradisjon. Det er påmeldt 34 svarthundar, 8 gråhundar og

**2 hvalpar, Innslaget av grå er med andre ord større enn det
plar vera i eit typisk svarthund-distrikt som dette**

Kvelden før utstillinga laurdag blir det sosialt samver i Gamleskulen og då vil Tore Storhaug orientera om bandhundjakt og dei erfaringane han har med denne,

I fjor henta dei dommar heilt
frå Trysil og det gjør dei også i år, men i år er det Nils Erik
Hågenrud, også han ein svært røynd mann på området og i
elghundmiljøet. langs svenskegrensen.

Hordaland Elghundklubb er som vanleg arrangør.
Utstillingen har vorte eit høgdepunkt i året for ein aktiv
klubb som har 160 medlemer. Som vanleg er Anita Lie primus
motor for arrangementet, som forhåpentleg får godt ver i år!
I fjor var det striregn.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen